

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Pkt.1

Folkevalde som oppheld seg utanfor fylket grunna jobb, verneplikt eller utdanning skal få dekt sine reiseutgifter.

Ein må i kvart høve vurderer totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekkja dette og om dei er naudsynte.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 9 røyster mot 6 røyster (Frp, H, V) for Stenseide sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget

Innstilling til fylkestinget

Det vert gjort slike endringar i «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune»:

Nye tillegg.

1. Pkt. 5.2 Erstatning for påførte utgifter 3. avsnitt.

Dersom den folkevalde midlertidig oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller avtjening av verneplikt. o.l. skal ein likevel få dekkja reiseutgifter . Med midlertidig vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år.

Ein må i kvart høve vurderer totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekkja dette og om dei er naudsynte.

2. Pkt. 9. Pensjon- og forsikringsordningar. Sjukeløn.

For folkevalde som har tillitsverv i Hordaland fylkeskommune tilsvarande 50% stilling vert det betalt løn under sjukdom etter dei same reglar som gjeld for fylkeskommunen sine tilsette. Føresetnaden er at ein har tiltrådt vervet, og at sjukeløn ikkje vert betalt ut over den perioden ein er vald for.

Ein føresetnad for utbetaling er at sjukefråværet vert dokumentert med sjukemelding.